

# Prosjekt Kystpilegrimsleia

## Samarbeidsavtale

Dette dokument inneheld samarbeidsavtalen for «Prosjekt Kystpilegrimsleia». Avtalen er inngått mellom partane; Rogaland fylkeskommune, Hordaland fylkeskommune, Sogn og Fjordane fylkeskommune, Møre og Romsdal fylkeskommune, Sør-Trønderlag fylkeskommune, Stavanger Bispedømme, Bjørgvin Bispedømme, Møre Bispedømme og Nidaros Bispedømme.



# Prosjekt Kystpilegrimsleia

## Samarbeidsavtale

### Samarbeidspartar

Samarbeidsavtalen for gjennomføring av prosjektet, «Prosjekt Kystpilegrimsleia», er inngått mellom Rogaland fylkeskommune, Hordaland fylkeskommune, Sogn og Fjordane fylkeskommune, Møre og Romsdal fylkeskommune, Sør-Trøndelag fylkeskommune, Stavanger Bispedømme, Bjørgvin Bispedømme, Møre Bispedømme og Nidaros Bispedømme.

### Kystpilegrimsleia- bakgrunn for hovudprosjektet

Forprosjektet «Kystpilegrimsleia Rogaland - Nidaros» vart formelt avslutta 29. oktober 2013. Hovudprosjektet vert kalla «Prosjekt Kystpilegrimsleia». Mandatet til hovudprosjektet er å skape eit heilskapleg reiselivsprodukt, som gjer det mogleg å følgje i dei mange pilegrimane sitt kjølvanng langs leia. Den kulturhistoriske forankringa, er ein raude tråden i prosjektet. Prosjektet skal knyte saman eksisterande prosjekt langs kysten så langt det er mogeleg.

### Visjon

Kystpilegrimsleia skal stå fram som ein samanhengande reiserute der stoppestadene ligg som perler på ei snor, langs kysten frå Rogaland til Nidaros. Leia skal på sikt inngå i reiselivssatsinga for destinasjonsselskapa langs kysten. Den skal vere ein del av tilbodet til Nasjonalt Pilegrimssenter, som ein del av St. Olavsvegane til Trondheim og Europeiske Kulturvegane. Gjennom tilrettelegging og formidling skal leia bidra til økonomisk-, sosial-, kulturell- og miljøvenleg verdiskapning, auka kunnskap om historie og kulturminne, miljøforståing, fysisk aktivitet, folkehelse og tilrettelegging for bruk og vern av kulturarven. Det skal leggjast vekt på opplevingstilboda langs kysten i sakte- turisten sin ånd.

Prosjektet skal løfte fram det eigenarta ved kulturhistorie langs kysten, kyrkjehistoria og kristentrua langs kysten og forvalte og fornya desse verdiane som grunnlag for ein djupare oppleving av pilegrimstradisjonar, pilegrimsliv og kyrkjeliv. Gjennom forskning og formidling skal prosjektet kunne danne eit grunnlag for utvikling av kunnskap. Det skal kunne inngå i ein nasjonal og internasjonal reiselivssatsing samstundes som vi får dokumentert, tilrettelagt, teke vare på og vedlikehalde ei kulturhistorisk reiserute av nasjonal verdi.

Dette vil ein oppnå ved å:

- Kartleggje, samle, legge til rett og formidle attraktive kultur- og naturminne og andre attraksjonar langs leia
- Kartleggje, samle, legge til rette og formidle eksisterande prosjekter på mobilitet og formidling og legge til rette for auka bruk av desse.
- Kartleggje ulike aktørar sine interesser og utvikle aktuelle idear for framtidig bruk av leia (folkehelse, friluftsliv, kommunar, næringsaktørar, frivillige lag og organisasjonar, destinasjonsselskap og kommersielle aktørar)



- Sikreei brei involvering i prosessen frå lokale ressursmiljø, reiselivet, næringslivet, kyrkje osv.
- Utføre tiltak etter godkjente budsjett og framdriftsplanar.

### Samarbeidsavtalen sitt føremål

Føremålet med samarbeidsavtalen er å leggje grunnlag for eit konstruktivt samarbeid kring gjennomføringa av hovudprosjektet. Partane forpliktar seg til å følgje utarbeidde planer. Skulle det oppstå ueinigheit, forpliktar alle parter seg, så langt som mogleg, til å finne konsensusløysingar. Ueinigheit om forståing av oppdraget og større avvik frå planane skal ved behov leggjast fram for styringsgruppa.

### Årsplaner og milesteinsplanar

Årsplaner og milesteinsplanar vert laga av aktørane i prosjektgruppa for kvart år. Dei gjev konkrete arbeidsoppgåver og skildrar målsettinga for kommande år. Årsplanane skal godkjennast av styringsgruppa.

### Prosjekteigar

Formelle prosjekteigarar er fylkeskommunane; Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane, Møre og Romsdal og Sør-Trønderlag.

### Prosjektlei

Prosjektlei har det koordinerande ansvaret for «Prosjekt Kystpilegrimsleia». Prosjektlei kan ved behov ta initiativ til utgreiing av nye delprosjekt eller tiltak som bidrar til å nå målsettingane for prosjektet. Prosjektleiarens nærmaste overordna er Sogn og Fjordane Fylkeskommune. Prosjektleiar rapporterer til Styringsgruppa.

### Organisering og styring


«Prosjekt Kystpilegrimsleia» er organisert med styringsgruppe, prosjektgruppe og ei arbeidsgruppe. Sjå organisasjonsmodell. Dei ulike aktørane forpliktar seg til å la «Prosjekt Kystpilegrimsleia» vere eit prioritert prosjekt og satsingsområde i sin organisasjon. For fylkeskommunane inneber dette forankring på politisk nivå.

### Prosjektansvarleg

Styringsgruppa konstituera seg sjølv og vel leiar for gruppa, prosjektansvarleg.

### Styringsgruppa

«Prosjekt Kystpilegrimsleia» er organisert med ei styringsgruppe på toppen. Denne er samansett av representantar frå prosjekteigarane og prosjektdeltakarane. Styringsgruppa har som oppgåve å einast om overordna mål, syte for tenleg forankring av prosjektet, og ta avgjerd om store endringar i økonomi, organisering og liknande. Gruppa samlas ved høve.



ein

### Prosjektgruppe

Under Styringsgruppa fins ei prosjektgruppe som vert leia av Prosjektleiaren. Gruppa er samansett av representantar for prosjekteigarane og ulike aktørar med interesser i «Prosjekt Kystpilegrimsleia» og har som oppgåve å sikre framdrift i prosjektet. I prosjektgruppa er det viktig at representantane for dei ulike aktørane har mandat til å ta avgjersle på vegne av sine organisasjonar. Prosjektgruppa kan supplerast i høve til kva fase prosjektet er inne i. Prosjektleiaren har eit overordna ansvar for å koordinere idear og tiltak i heile «Prosjekt Kystpilegrimsleia» og er difor med i Prosjektgruppa. Gruppa samlas ved høve.

### Arbeidsgruppa/ Arbeidsutval

Arbeidsgruppa består av 2-3 representantar frå prosjektgruppa og er prosjektleiaras nærmaste støtte og rådgjevarar.

Prosjektleiaren er med i Arbeidsgruppa.

Deltagarane i arbeidsgruppa kan variere etter kva kompetanse treng undervegs i prosjektet.

Samarbeidspartane plikter å leggje til rette for at deltakarane i Arbeidsgruppa kan delta i aktivitetar og utføre dei oppgåvene som vert avtalt i prosjektet. Alle samarbeidspartnarar skal utnemne vararepresentantar. Arbeidsgruppa vert valt av prosjektgruppa.

### Delprosjektgrupper

Delprosjekt grupper har som formål å løyse spesifikke mål innanfor prosjektet. Delprosjekt har ein leiar/prosjekteigar som rådgjer seg med prosjektleiar. Delprosjekt kan ha ein ekstern prosjekteigar.

Prosjektleiaren har eit overordna ansvar for å koordinere idear og tiltak i heile «Prosjekt Kystpilegrimsleia» og kan vere med i

Delprosjektgrupper.

### Budsjett og økonomi

Styringsgruppa har eit overordna ansvar for budsjett og finansiering. Prosjektleiar har et overordna rapporteringsansvar på all økonomi i prosjektet. All finansiering skal knyttast inn mot oppgåver nedfelt i årsplanane. Mindre endringar kan godkjennast av Prosjektgruppa. Eventuelle større endringar skal leggjast fram for Styringsgruppa.

## Prosjekt Kystpilegrimsleia



Alle prosjektdeltakarane forpliktar seg til å jobbe aktivt for å skaffe finansiering av «Prosjekt Kystpilegrimsleia». Det vere seg i form av økonomiske bidrag og/eller ressursar på andre måtar.

Samarbeidspartane dekkjar utgifter til deltaking i prosjektet for egne tilsette om ikkje noko anna vert avtala. Det vil seie lønn, opphald, reiseutgifter og liknande.

### Prosjektperiode

*Denne avtala er 3-årig og gjeld frå 1 mai 2014 og til og med 30 april 2017.*

Prosjekt Kystpilegrimsleia



Dato	Dato
Organisasjon.....	Organisasjon.....
Underskrift.....	Underskrift.....
Stilling.....	Stilling.....
Dato	Dato
Organisasjon.....	Organisasjon.....
Underskrift.....	Underskrift.....
Stilling.....	Stilling.....
Dato	Dato
Organisasjon.....	Organisasjon.....
Underskrift.....	Underskrift.....
Stilling.....	Stilling.....
Dato	Dato
Organisasjon.....	Organisasjon.....
Underskrift.....	Underskrift.....
Stilling.....	Stilling.....
Dato	Dato
Organisasjon.....	Organisasjon.....
Underskrift.....	Underskrift.....
Stilling.....	Stilling.....

# Organisasjonsmodell

## Vedlegg

# Prosjekt Kystpilegrimsleia

## Samarbeidsavtale

Dette dokument inneheld samarbeidsavtalen for «Prosjekt Kystpilegrimsleia». Avtalen er inngått mellom partane; Rogaland fylkeskommune, Hordaland fylkeskommune, Sogn og Fjordane fylkeskommune, Møre og Romsdal fylkeskommune, Sør-Trønderlag fylkeskommune, Stavanger Bispedømme, Bjørgvin Bispedømme, Møre Bispedømme og Nidaros Bispedømme.

## ORGANISERINGSMODELL

Prosjekt Kystpilegrimsleia

### Innleiing

«Prosjekt Kystpilegrimsleia» har avslutte sin forprosjektfase, under namnet «Kystpilegrimsleia, Rogaland til Nidaros» og har no gått inn i ein hovudprosjektfase. Denne fasen er meir kompleks og krev god organisering. Nedanfor vert hovudtrekka i denne organiseringa skissert opp.

### Forprosjektet

Forprosjektet til Prosjekt Kystpilegrimsleia hadde som hovud mål å :

- «avklare og rapportere konkret kva som skal til av tilretteleggingsarbeid og finansiering for at Kystpilegrimsleia frå Stavanger til Nidaros kan verte ei Pilegrimslei og ein Europeisk kulturveg.»
- «å få etablert ei felles regional satsing på pilegrimsleia langs kysten ved å løfte fram kulturminne, pilegrims- og kysthistorie.»
- «avklare og undersøke aktuelle stader som bør inngå i Kystpilegrimsleia, og utarbeide ein plan for eit framtidig hovudprosjekt»

Forprosjektet resulterte i ein forprosjektrapport som hovudsak er ein utgreiing om kva ressursar som kan gå inn i eit hovudprosjekt. Prosjektleiari blei tilsett 2. mai 2014. Arbeidet starta straks med å arrangere lanseringa med hurtigruteskipet MS Nordstjernen. Arbeidet var starta opp året før. Etter at dei første 4 månadene gjekk med til avviklinga av dette arrangementet, starta arbeidet med sjølve «Prosjekt Kystpilegrimsleia» 1. september 2014.

### Hovudprosjektet- organisering.

Det er sers mange aktørar med eit breitt spekter av interesser som er, eller kjem til å bli, involvert i «Prosjekt Kystpilegrimsleia». Hovudprosjektet vil derfor ha fleire delmål undervegs.

Det er naturleg at prosjektdeltakarane arbeide med mål og delmål innafor sine geografiske område og organisasjonar. Det kan også bli behov for at prosjektdeltakerane gjer arbeid utanfor eigne geografiske område.

### Avtalepartane

**Fylkeskommunane** er folkevalde organ og leiande aktør for regional utvikling, med ansvar for strategisk planlegging av samfunnsutviklinga i fylket. Som regional utviklingsaktør har fylkeskommunen eit særskilt ansvar for å prioritere samarbeid med det kommunale nivået og det regionale statlege nivået. Som regional utviklingsaktør på kulturminnefeltet, har fylkeskommunen forvaltningsansvaret etter plan- og bygningslova og kulturminnelova. Ein viktig del av dette ansvaret er å ivareta og utvikle verdiane knytt til kulturminne, kulturlandskap og kulturmiljø. I fylkeskommunen sin kulturminnestrategi, er ei av målsetjingane å auke kunnskapen om kulturarven som utviklingsressurs. Eitt av resultatmåla er å skape entusiasme og oppslutnad om kultur og kulturmiljø. Ein av strategiane er å leggje til rette for anlegg og område som fremjar fysisk





aktivitet og folkehelse, m.a. gjennom å initiere aktivitet som fremjar eit aktivt friluftsliv. Eit anna satsingsområde er kulturnæringar som motor for kreativitet og nyskaping. I den samanheng vil vi leggje til rette for etablering av gode og inkluderande møteplassar for kulturaktivitetar og sosial deltaking, som kan skape nytt og større grunnlag for kulturnæringane.

**Bispedømmeråda** er folkevalde organ, som administrerer prestetenesta, tek avgjerder i regionale spørsmål og arbeider for å styrka den kyrkjelege verksemda i sokna. Det er eit mål å utvikle tiltak i møte mellom kultur og kyrkje. Å forvalte og fornye kyrkja sin kulturarv er eit av punkta i bispedøma sine visjonar. Kyrkjelydane må inspirerast til å ta pilegrimsmotivet i bruk som reiskap i trusopplæringa og kyrkjelydsutviklinga lokalt.

### Budsjett /økonomi

Styringsgruppa har overordna ansvar for budsjett og finansiering, jamfør postane i prosjektplanen.

Prosjektleiar har overordna rapporteringsansvar på all økonomi i prosjektet. All finansiering skal brukast inn mot oppgåver slik det er omtala i prosjektplanen. Eventuelle større endringar eller forslag til anna disponering skal leggjast fram for styringsgruppa.

Samarbeidspartane og andre deltakara i prosjektet, forpliktar seg til å dekke utgifter til deltaking i egne tilsette, om ikkje noko anna vert avtalt. Det vil seie lønn, reiseutgifter, studieturar og liknande.

### Prosjektkonto

Sogn og Fjordane fylkeskommune har oppretta ein eigen konto for prosjektet. Utskrift av prosjektkonto skal vere tilgjengeleg for partane i prosjektet og fungere som rekneskap og økonomisk oversikt for bruken av prosjektmidlane. Kvar av partane i «Prosjekt Kystpilegrimsleia» skal innan fastsett frist overføre sin del av prosjektmidlane til konto.

### Prosjekteigar

Rogaland fylkeskommune, Hordaland fylkeskommune, Sogn og Fjordane fylkeskommune, Møre og Romsdal fylkeskommune og Sør-Trøndelag fylkeskommune, PE.

### Styringsgruppa

Kvar av prosjekteigarane / fylkeskommunane peikar kvar ut ein politisk vald representant frå eige fylke. Kyrkja vert representert med ein representant, biskop Erling Pettersen, Stavanger Bispedømme. Til samla 6 representantar.

### Prosjektansvarlig

Styringsgruppa konstituera seg sjølv og vel leiar for gruppa, prosjektansvarleg.

### Prosjektleiar

Det er tilsett eigen prosjekt leiar.



## Arbeidsgruppa

Arbeidsgruppa består av 2 representantar frå fylkeskommunen og ein representant frå kyrka.

